

Fleire ynskjer å fly

STORD: Fleire selskap skal vera aktuelle for flygingar frå Stord lufthamn, Sørstokken, når ruta mellom Stord og Oslo skal ut på anbod. Avtroppande flyplasssjef Jan Morten Myklebust sa i formannskapet onsdag at både Widerøe, DAT og Sun Air har meldt si interesse. Både Widerøe og Sun Air har samarbeid med andre store selskap, og gjer at ein

kan komma seg enkelt ut i verda frå Sørstokken. Under formannskapsmøtet sa fleire av representantane at moglegheiter for enkelt å komma seg vidare frå Oslo var viktig. John Førland, sikkerheit- og kvalitetsansvarleg ved flyplassen, seier til Sunnhordland dei satsar på å få avgjort anbodet før nyttår.

Minnelys etter 22. juli

STORD: Stord husflidslag har smelta om og laga fem minnelys av restane frå lys som blei nytta under minnemarkeringa på Stord etter terrorhandlingane i Regjeringskvartalet og på Utøya. Ordførar Liv Kari Eskeland fekk minnelysa overlevert like før påske. – Det er ikkje avklart kva me skal bruka minnelysa til enno. Men me avventar ei nasjonal markering 22. juli i år. Då er det naturleg å nytta lysa i den samanhengen, seier ordførar Eskeland til Stord kommunes nettside.

Til legevakta etter smell

STORD: To bilar kolliderte i Sagvåg sentrum klokka 15.15 torsdag ettermiddag. Operasjonssentralen i Haugaland og Sunnhordland politidistrikt opplyser til Sunnhordland at ein kvinneleg passasjer i ein av bilane vart teken med til legevakta for sjekk. – Det skal ikkje vera snakk om alvorlege personskadar, seier operasjonsleiar Johan Magne Østebøvik. Politiet veit ikkje kva som var årsaka til hendinga. Kollisjonen vart etterforska vidare ved Stord lensmannskontor. FOTO: MMS-TIPSAR TIL 1938.



– Eg vil ha blomar og grønne lunges i sentrum

Mykje blei sagt under debatten på Stortinget. Håkon Vatle ynskjer seg eit finare sentrum for å auka trivselen.

– Eg har fått skulda for dette, og det syns eg egentleg det er greitt, seier Dag Jørund Lønning i innleiinga til debatten om kva som bør gjerast for å få meir liv i Leirvik sentrum.

Mange møte

I mars stod han fram i Sunnhordland, og klaga blant anna på lite folk og liv i Borggata.

– Det handlar ikkje berre om at politikarar og næringslivet må gjera noko. Dei stadene som lukkast med å få liv i sentrum, er der alle vil vera med å gjera noko, seier Lønning.

Onsdag kveld møtte om lag 120 personar opp på Arena, for å høyra debatten om Leirvik sentrum. Journalist Vidar Hope leia debatten, og med seg i panelet hadde han bygdeutviklar Dag Jørund Lønning, rektor Liv Reidun Grimstvedt ved HSH, kulturforkjempar Håkon Vatle, Anne-Grete Sandtorv i Stord Næringsråd og ordførar Liv Kari Eskeland.

Potensial
– Folk må få lov til å sleppa til med ideane sine, me må ha ei brei mobilisering, og skapa



Dag Jørund Lønning (f.v.), Liv Reidun Grimstvedt, Håkon Vatle, Anne-Grete Sandtorv og Liv Kari Eskeland diskuterer korleis Leirvik sentrum kan bli betre.

breie aktornettverk, seier Lønning.

Han meiner at det offentlege må vera ein god medspelar, og at alle må vera villige til å gje og ta.

– Leirvik er unik med at hamna, kulturhuset, museums-parken og handelssenteret. Kommunikasjon med buss og båt ligg midt i sentrum. Me ynskjer berre at folk skal bruka

sentrum meir, seier Anne-Grete Sandtorv.

– Eg tykkjer det skjer mykje på Stord, men me er ikkje stolte nok av å vera frå Vikjo. Me må gjera noko med haldningane våre. Me må ha visjonar, og me må byggja Stord opp gradvis, seier Håkon Vatle.

Han vil gjerne at sentrum skal bli grønare for å auka trivselen, og ikkje berre om-

setjinga.
– Eg vil ha blomar og grønne lunges i sentrum, seier Vatle.

Kven gjer kva?

– Kva kan kommunen gjera for å løfta sentrum? spør Hope.

– Kommunen skal vera ein fasilitator, tilretteleggjar og medspelar. Kommunen skal sjølv skapa engasjement med gode kommune- og delplanar

for Leirvik sentrum. Kommunen skal vera positiv til arrangement, pynta i sentrum, og vera eit regionssenter for omkringliggjande kommunar, svarer ordførar Liv Kari Eskeland (H).

Lønning oppsummerte debatten slik:

– Det vil skje lite dersom alle tenkjer at problemet ikkje er mitt, og at nokon andre må ta

jobben. Saman kan me faktisk gjera noko med dette, eg trur ingen ynskjer at situasjonen skal vera slik den er i dag.

■ Onsdag kveld, etter debatten, oppretta ordførar Liv Kari Eskeland fjesbok-gruppa «Me som vil ta vare på, og utvikle Leirvik sentrum.»

Gruppa har i skrivande stund 114 medlemmer. På for-

umet skriv Eskeland:

– Etter eit engasjerande Storting som hadde fokus på Leirvik sentrum, vart ordføraren utfordra på å laga forum for debatt og diskusjon. Dette er eit innleiande initiativ for å halda fram den gode diskusjonen – kroyr debatt!

ANITA HAUGLAND
anita@sunnhordland.no



Det vil skje lite dersom alle tenkjer at problemet ikkje er mitt, og at nokon andre må ta jobben

Dag Jørund Lønning

for eiga rekning

ATLE HANSEN



Ti (syns)punkt om Leirvik sentrum

1. LEIRVIK ER IKKJE EIN BY. Gloym det. Leirvik er ein tettstad med røter i bondeland og småhandel. Borggata er ikkje ei gate, men ei tilfeldig samling hus kring ein gammal bygdeveg. Ein by har ein plan. Leirvik er planlaus. Den gamle handelsvegen voks fram i takt

med folketalet og butikkane var tilpassa ein busetnad på mellom fem (1950) og ti tusen personar (1970). Fleire folk førte til nye løysingar. I Borggata kom stygg betong, ho vart som ein festning å sjå til og gatenamnet fekk ei mening. Folk og handel flytta i senter. Lik det eller ikkje. Ei ny tid krev nye løysingar.

2. ALT KAN IKKJE VERNAST. La det som har vore vera. Gloym Borggata som handlestad. Den tida er over. Skal ho få nytt liv må ho skapast heilt om. Bygg heller moderne bustader for alle generasjonar. Berre pensjonistar og einslege skapar ikkje eit vitalt sentrum. Få vekk den stygge betongen. Borga må vekk, lys og luft må inn. Sjøen må sjåast.

3. LEIRVIK SENTRUM MÅ

GJERAST OM TIL LEIRVIK SENTER, men eit senter som er ope heile døgeret. Utvikla området Sunnhordlandskaien/Osen-Tressmyro (Kulturhuset)-Amfi Stord-Evjo/Nothaugskaien som naturleg handelssentrum i Leirvik. Bygg gater og torg, tenk sjo, tenk folk, tenk handel og kultur.

4. IKKJE GJER LEIRVIK TIL EIT MUSEUM. Gamle Leirvik ligg alt i Prestlio. Ta vare på tidstypiske hus som fortel ei historie, Rådhuset, Hagerupshuset, Turnhallen, Hellands-huset t.d. Gjer øvre Borggata og Ingebrigtsaugen om til gater der folk bur og ungar leikar. Butikkar er det ikkje bruk for der.

5. RIV RUKKELET. Grand hotell var nok eit stasbygg. Det er



Slik såg det ein gong ut. Ein bygdeveg gjennom eit tun med Tesalongen på eine sida og Grand hotell på andre. Slik vil det aldri meir verta.

lenge sidan. Det vert det aldri att. Riv rukkelet og bygg nytt, vakkert og tidsmessig i Borggarden. Likeiins, riv dei gamle trehusa i sentrum som eigarane med viten og vilje har late forfalla. No er det likevel for seint å berga dei. Bygg nytt, fint og funksjonelt i staden.

6. BYGG NED TORGET. Slik det no ligg er det berre stygt. Ein grønsakhandlar, ein smultringkiosk som er open no og då og ei attgloymd fiskevogn er ikkje noko torg å skryta av. Flytt grønsakhandlaren til Borggarden eller bygg eit torg-

hus med små butikkar for smultringkokarar, småbakst, friske grønsaker, framande frukter og eksotisk mat frå både her og der. Skal det vera by, må ein tenkja urbant. Torget skal vera byen sin motestad. I dag er det ei stor opa flate ein spring fortaust moglege over og i frå. Skap moteplassar og torg under tak. Det vert ikkje mindre regn med åra. Ei ny tid krev nye løysingar.

7. SLEPP NYE KREFTER TIL. Mest alt nytt - næring, handel, kultur, samfunn, politikk og administrasjon - på Leirvik/Stord er skapt av tilflyttarar. Storparten av dei som bur i kommunen er tilflyttarar i første eller andre generasjon. Slegg unge, kreative krefter til. Ikkje la

gamle tankar og nostalgiske draumar styra framtida. Stord er eit internasjonalt samfunn og eit ungt samfunn. La det visa att.

8. MANGE TETTSTADER PÅ RANDEN AV GRAVA, SATSAR PÅ KULTURNÆRINGAR. Dei legg til rette for profesjonell kunst og byggjer om verkstadhallar til kultursenter. La dei gjera det. Stord er ikkje i ferd med å gå i grava, men har ei lysande framtid som regionssenter, småby og underholdningssenter. Sats heller på handel, næring, uteliv og levande kulturtilbod til dei som alt bur her. Folk - kunstnarar og - flyttarar til stader der det er jobb å få og gode og trygge tilbod til born, unge, vaksne og gamle. Bruk pengar på det som er og som

kjem og ikkje på det som aldri var eller vil verta.

9. LEGG NED FLYPlassen. Bruk heller to millionar i året på skular, kultur og idrett. Arbeid for å få faste flybussar til Karmøy no og snoggtog til byane i aust og vest på sikt. Fly er fortidas trafikk-løysing. Tog er tingen.

10. BYGG TETT, MEN OPE OG HUMANT. Gje rom for hav og himmel, sol og sjo i sikte. Mann er manns gaman, heiter det i Håvamål. Folk likar seg best saman med andre folk. Difor søkjer me til sentrum og senter. Tettbygging fører desutan til mindre trafikk og mindre eksos. Byen er framtida. Men dit er me enno ikkje komne. Valet er enkelt: Bygg by eller bli bygd.